

**Fra:** Torkjell Holm Brenna  
**Sendt:** onsdag 20. april 2022 13:59  
**Til:** Eirik Berntsen  
**Emne:** Problem med ulovleg parkering i Lyngmarka  
**Vedlegg:** Kartutsnitt Lyngmarka.pdf

Hei,

Vegavdelinga har fått ein del klagar på at bilar parkerer i ein gangveg i Lyngmarka (Alversund). Vedlagt kart viser situasjonen: Bilane parkere i dag i det raude feltet som er ein gangveg. Dei parkerte før i det grønne feltet på kartet, men har fått beskjed om at det er for liten plass til at dei kan parkere der på grunn av tilkomst for utrykkingskøyretøy. Tanken vår er at vi kan setje opp ein bom som gjer at dei ikkje kan parkere i gangvegen lengre. Vi ser for oss at det likevel berre kjem til å skape eit problem vidare der dei finn ein ny plass å parkere i feltet som blir trafikkfarleg.

Etter å ha forhøyrert oss med naboar i feltet så ser det ut som problemet kjem frå at dei som bur i Lyngmarka 22 (gnr/bnr: 137/422) er dei som tek seg til rette. Dei har bygd ut så mykje på huset sitt at dei ikkje har plass til å parkere på eigen tomt lengre, og da parkerer i gangvegen i staden. Mykje av problemet kunne vore løyst med at dei må tilrettelegge for parkering på eiga tomt. Eg finn ingenting om at det er gjeve løyve til utbygging på dette huset. Samtidig ser eg at det har kome inn to meldingar om ulovlige byggetiltak i saksnr: 21/3041 og 20/16730. Noko anna som ble nemnt var at dei dreiv med utleige, og at dei som leiger ikkje har parkeringsplass så dei parkerer i gangvegen. Har dei retten til å drive utleige med parkering (om dei faktisk driv med det)?

Eg lurar litt på kva som kan være den beste framgangsmåten å ta her. Tanken min er at ein bør passe på at alt er på stell hjå 137/422 au, og ikkje berre setje opp ein bom. Eg ser for meg at vi berre fløtt problemet til ein anna stad i nabolaget om vegavdelinga no berre sett opp ein bom.

Venleg helsing,

**Torkjell H. Brenna** | Rådgjevar, Forvaltning samferdsel, veg, VA  
Mob: 993 02 567

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE